

**ALVER**

KOMMUNE

Miljø og tilsyn

Solveig Hella
Radøyvegen 2091
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8244 - 20/25289

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
05.05.2020

Registrert hindra tilkomst til septiktank - gbnr. 433/60

Tiltak: Fjerning av greiner
Byggjestad: Gbnr: 433/60
Tiltakshavar: Solveig Hella

Alver kommune har den 17.04.2020 motteke melding frå NORVA24 AS om at det ved siste tømning den 16.04.2020 vart registrert at lokket på septiktanken på eigedommen din med adresse Radøyvegen 2091, 5936 Manger var dekt av greiner. Sjå vedlagte bilete.

Dette har gjort at tilkomsten til tanken blei vanskeleg. Vi har fått opplyst at 2. kammer ikkje kunne bli tømt av den grunn. Når tanken ikkje vert tømt, kan det føre til at den fylles med slam og septik, og at dette renn over og ut i grunnen. Dette fører igjen til forureining av grunnen.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureinsingslova § 7.

Området over lokket må ryddast, og Norva24 AS må få melding om at dette er gjort, slik at tømning kan bli utført

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 01.07.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggje deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureinsingslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilhøve, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Når hindringa er fjerna, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune
AnleggID=64596_OppdragID=2279125_DSC00652

Mottakarar:

Solveig Hella

Radøyvegen 2091

5936

MANGER